



Nordfjord Miljøverk - NoMil - er eit interkommunalt renovasjonsselskap for kommunane Gloppen, Stryn, Bremanger, Stad og Kinn. Selskapet si hovudoppgåve er knytt til avfallshandtering i kommunane. Selskapet har hovudkontor på Sandane og avdelingar på Nordfjordeid og i Florø.

Vi har no ledig stilling i 60% som:

Operatør ved gjenbruksstasjonane i Vedvik og Smørhamn

Vi søker ein til kollega til vår avdeling i Bremanger og Kinn. Hovudoppgåva vil vere som operatør ved gjenbruksstasjonane i Vedvik og Smørhamn.

Arbeidsoppgåver

- Ordinære driftsoppgåver, samt tilrettelegging og etterarbeid ved gjenbruksstasjonen
- Rettleiing av hushaldnings- og næringskundar om avfallssortering
- Mottak, sortering og handtering av ordinært og farleg avfall
- Avvikshandtering etter gjevne retningslinjer
- Andre oppgåver knytt til dagleg drift

Kvalifikasjonar

- Påliteleg, nøyaktig og strukturert
- Arbeider sjølvstendig, systematisk og etter føre-var-prinsippet
- Har gode haldningar til sikkerheit og bruk av verneutstyr
- Serviceinnstilt og klar for nye utfordringar
- Maskinførarbevis (kan takast etter tilsetjing)

Den tilsette vil få opplæring og grunnleggande forståing av arbeidet med farleg avfall. Erfaring med handtering av kjemikalier eller farleg avfall er ein fordel, men ikkje eit krav. Søkar som ikkje har maskinførarbevis må ta dette ved tilsetjing.

Vi tilbyr

- Fast 60 % stilling i ein framtidretta bransje
- Moglegheit til å gjere ein forskjell for miljøet kvar dag
- God pensjonsordning
- Stillinga rapporterer til avdelingsleiar ved gjenbruksstasjonen

Høyrest dette interessant ut? Ta kontakt med driftsleiar Frode Denk på telefon 915 31 042. Søknad og CV sendast til soknad@nomil.no og merkast med "Operatør Vedvik og Smørhamn".

Søknadsfrist: 31.07.2024